

# Reguleringsføresegner, Hydla 2. Forslag til endring.

---

## 1. Arealføremål

Areala innanfor plangrensa er regulert til følgjande føremål:

### PBL §12-5, 1 Bygningar og anlegg:

- Fritidsbustadar og uteoppahaldsareal

### PBL §12-5, 2

- Veg og annan veggrunn (snøopplag, p-plass)

### PBL §12-5, 3

- Friluftsføremål

### PBL §12-5, 4

- Frisikt

## 2. Felles føresegner

### 2.1

Ved søknad om bygging på den enkelte tomt, skal planen vise bygningen med murar og eventuelle andre inngrep i terrenget. Byggesøknad skal innehalde terrengsnitt og situasjonskart som viser den totale disposisjon, planering og utnytting av tomta, samt gjerder.

### 2.2

Byggegrense er vist på planen. Hyttene kan ha storleik inntil 25% BRA pr. tomt inklusiv parkeringsareal. Mønehøgde målt fra overkant golv i 1. etasje kan være maksimalt 6,2 meter. På tomte C56, F74, F75 og B46, D59, D60 og D61 kan ein bygge fleire bueiningar. BRA: 35% inkl. parkeringsareal.

### 2.3

Garasje er inkludert i bruksarealet, kan ha mønehøgde inntil 4 meter og ikkje større grunnflate enn  $50\text{ m}^2$ . Bygningen skal gevast ei utforming som passar til hytta.

Frittståande garasjar kan plasserast med ein avstand til tomtegrense mot veg på 2 meter og inntil 1 meter frå grense mot nabo.

### 2.4

Det skal ikkje byggast murar over 1 meter, eller etablerast skjeringar over 1,5 meter på tomta. Inntil 120 m<sup>2</sup> av tomta inkludert terrasse kan gjerdast inn. Utforming av gjerdet skal stå i stil med hyttene. Det er ikkje tillate med nettinggjerde. På kvar tomt skal det opparbeidast minimum 2 oppstillingsplassar for bil, inkludert plassar i ein eventuell garasje.

### 2.5

Hyttene skal ha saltak med torvtekking. Fasaden skal målast i brun, mørk brun eller svarte fargetonar, slik at dei vert minst mogleg synlege i terrenget.

## **2.6**

Uteoppahaldsareal/leikeplassar som vist på planen er felles for alle eigedomane innanfor plangrensa. Eksisterande vegetasjon på fellesareala skal i størst mogleg grad vernast mot inngrep, og kan ikkje fjernast utan godkjenning frå styret i hytteforeninga og grunneigar.

Vegetasjon innanfor viste frisiktsoner skal fjernast.

Vegetasjonen innanfor friluftsareala kan berre fjernast etter avtale med grunneigar.

## **3. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur**

### **3.1**

Vegane vist på planen kan nyttast av hytteeigarane innanfor regulert område, samt av noverande og framtidige tomter frådelt frå gbnr. 46/113 og 46/104

### **3.2**

Vegane skal opparbeidast i samsvar med vegnormalane sine krav til standard, og ha minimumsmål som viste på *generell målsetjing* på reguleringskartet. V1 skal ha maks. stigning på 10%, men skal i størst mogleg grad følgje terrenget. Skjeringar og fyllingar skal ha maks stigning på 1:2.

Utbyggjar vil opparbeide felles parkeringsplassar som vist på planen.

### **3.3**

Hytteeigarane er pålagde å knytte seg til opparbeida vatn- og avløpsnett.

## **4. Omsynssoner**

### **4.1**

Vegetasjonen innanfor friluftsareala kan berre fjernast etter avtale med grunneigar.

*Jfr Adm. Vedtak 01.09.2016*